

Møtebok for

Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmærkslag på Instedalen skule onsdag 03.03.21 kl. 19.30

Desse møtte: Normund Svoen, Anders Neset, Ivar Teigen, Marve Firmland, Arne Kjell Firmland, Svein Egil Svorstøl, Kjell Klopstad, Olav Svoen, Andreas Sørebrø, Linn Renate Firmland, Odd Vonen og Gudmund Eimhjellen.

Sakliste

Sak 1 Val av møteleiar

Normund Svoen vart vald

Sak 2 – Val av skrivar

Anders Neset vart vald

Sak 3 – Val av to til å skrive under møteboka

Svein Egil Svorstøl og Arne Kjell Firmland vart valde

Sak 4 – Godkjenning av innkalling

Det har vorte sendt ut tekstmelding og lagt ut melding på Facebooksida. Stenberg hadde ikkje fått melding, Normund sjekkar opp dette.

Sak 5 – Godkjenning av dagsorden

Denne vart samrøystes godkjent

Sak 6 – Årsmelding 2020

Normund gjekk gjennom den fylldige årsmeldinga. Olav Svoen hadde undervegs kommentar om at han er urolig for at fondsstyret ikkje er på plass. Kan årsmøtet vere med å påverke? Normund orienterte om at Marius Dalin har fått brev, og dette er vidaresendt til ordførar, plansjef etc. med kommentar om at dette må på plass snarest. Kjell, som er ØNU sin representant i fondsstyre, hadde også ein prat før jul med Dalin og etterspurte kvifor det tok slik tid. Svaret her var at det låg på administrasjonen, men han skulle ta initiativ. Elles ingen kommentarar til årsmeldinga, og denne vart samrøystes godkjent.

Sak 7 – Rekneskap for 2020

Rekneskapen syner ein saldo på kr 75 506 på driftskonto, og kr 14 114 på storvaldkonto. Vi fekk inn ca. kr 25 000 på fiskekort/båtutleige og parkering – omtrent kr 4500 meir enn dei to føregåande åra. Inntekter utover dette er stort sett midlane til stiprosjektet.

Olav Svoen, revisor, kommenterte at det var utført eit profesjonelt og godt arbeid på rekneskapet. Det vart funne ein liten feil på bilag 3 for driftskonto. Dette er ei feilføring der eit 8-tal og eit 0-tal er forveksla.

Elles er rekneskapen gjennomgått og funne rett.
Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Sak 8 – Val

Styret 2020 har vore samansett slik:

Leiar Normund Svoen (på val)

Styremedlem:

Odd Vonen (på val)

Anders Neset (ikkje på val)

Gudmund Eimhjellen (ikkje på val)

Kjell Klopstad (på val)

Varamedlem:

Narve Fimland (på val)

Inge Svorstøl (på val)

Revisorar:

Olav Svoen (på val)

Torstein Svorstøl (på val)

Valnemd:

Arne Dvergsdal, leiar (går ut)

Andreas Sørebo (på val)

Andreas Sørebo i valnemnda la fram si innstilling.

- **Val av leiar:** Normund Svoen vart attvald
- **Val av 2 styremedlemmer:** Odd Vonen og Kjell Klopstad attvalde
- **Val av 2 varamedlemmer:** Narve Fimland og Inge Svorstøl attvalde.
- **Val av 2 revisorar:** Olav Svoen og Torstein Svorstøl vart attvalde.
- **Val av 2 personar til valnemd:** Andreas Sørebo vald som ny leiar av valnemnda. Arne Dvergsdal vald innatt som medlem
- **Val av 1 person som vara til valnemd.** Ein lukkast ikkje med å velje ein ny vara til valnemnda, og styret får fullmakt til å finne ein kandidat.

Sak 9 – Eventuelt

Normund orienterer om Grindbygget ved Svobrua. ByggOpp v/ Håkon Svoen skulle lage eit Grindebygg som dei lurte på om nokon ville kjøpe. Dette er eit elevprosjekt som ByggOpp arrangerer ved Øyrane vgs. Roy Egil Nitter er fagperson og rettleiar for elevane. Vi legger opp til at ØNU skal støype fundamenta. Roy Egil får det sett opp og ferdigstilt, men ØNU må utføre støyping av fundament og stikking og legging av torv. Bygget vert laga etter gamal tradisjon utan skruer og spikrar. Det vert sutak, knotteplast og torv. ØNU har søkt kommunen om godkjenning då bygget er på 20 m2 og nær vatn.

Kostnader for oss vert i hovudsak material og skjering av denne. Fylkeskommunen og skulen står for byggekostnadane elles. Laget sin del vert på kr 75.000. Det er sendt søknad til fondet.

Leiar har vore i kontakt med 4H og Grendalaget, og skal elles også kontakte Naustdal Jeger og fisk og Bygdekvinnelaget, om nokre av desse laga er villige og har interesse av å vere med å bidra til dette bygget.

Ivar Teigen hadde eit innspel: – funksjonshemma ønskjer litt meir tilrettelagt for å kunne sitje å fiske. Søkje om midlar til dette Handicapforbundet? Styret tek dette med vidare.

Linn Renate Fimland hadde nokre spørsmål rundt jakta:

– Har de møte i jaktfelta før jaktstart? Svar: Varierende. Er det mange i feltet har ein gjerne eit møte. Er det to grunneigarar er det meir jamleg, vanleg dialog. Ein oppmodar også om dialog i jaktfelt/mellom jaktfelt. Arne Fimland: viktig med samarbeid mellom jaktfelta også.

– Kortid skal ein rapportere? Normund Svoen: so snart som råd. Positivt med god vektrapportering i år.

– Vert det Slaktekurs på Svanøy eller her i Instedalen, dersom det vert noko av? Mest truleg Svanøy. Ein kjem tilbake til dette seinare.

Leiar takka for godt samarbeid i styret, og takk alle som bidreg med arbeid i laget på eit eller anna vis.

Ref.: Anders Neset, 06.03.21

Arne Kjell Fimland
Arne Kjell Fimland

SVEIN EGIL SVORSTØL
Svein Egil Svorstøl